



Gode Lionsvenner i 104C

Månadsbrev juni 2022

Så er nok eit Lionsår gått over i historia. Dette året har også vore prega av pandemien, men slutten på året vart heldigvis normalt. Me fekk arrangera både Distriktsmøte og Riksmøte som i gode gamle dagar. Det same med Convention som i år var lagt til Montreal i Canada.

Klubb og sone

Eg ser at mange klubbar har hatt fine sommaravslutningar. Stas å bli invitert til både LC Strandebarm, LC Osterøy, LC Voss og LC Bergen Åsane. I Åsane fekk eg ta opp eit nytt medlem og til og med halda «takk for maten tale». Eg vart også invitert av LC Sandnes/Riska til **Riskafestivalen**. Eit storslått arrangement som gjekk over heile tre dagar.

Sone 8 har for femte gong arrangert Løveleikar på Husnes. Dette til glede for mange.

Eg ser også at mange klubbar har vore rause med utdeling av **Melvin Jones Fellowship** denne månaden. Det er veldig kjekt. MJF er på ein måte tredobbel glede. Kjekt å gje, kjekt å få og så går det USD 1000 uavkorta til gode formål.

Vaffeldagen 11. juni vart feira av fleire klubbar. Positive tilbakemeldingar vitnar om suksess for dei som arrangerte aktiviteten. Håpar fleire blir med på dette neste år.

Onsdag 22. juni, hadde me siste opplæringa av påtroppande presidentar i distriktet. Eg både håpar og trur at dette har vore nyttig og lærerikt. For oss som har reist rundt har det vore veldig inspirerende å møte så mange engasjerte Lionsmedlemmer.

Når det gjeld opplæring så vil eg på det varmaste anbefala RLLI – kursa (Regionalt Lions Lederkurs) som Lions Norge arrangerer. Kurs og opphald er gratis. Det er berre reisa som kostar. Kurset er obligatorisk for soneleiarar, men veldig nyttig for alle som vil læra meir om organisasjonen vår og kanskje ser for seg eit leiarverv enten i eigen klubb, sone, distrikt eller i Lions Norge. <https://gnist.styreweb.com/org/4425/3367/articlecategories/2/3430/25175/>

Stor takk til alle medlemmer som har teke på seg verv. Ein spesielt takk til påtroppande presidentar og soneleiarar. Dette er svært viktige verv i organisasjonen vår. Viktigare enn nokon gong no når me skal bretta opp ermene og ha stor og viktig fokusering på medlemskap - **GMA (Global Membership Approach)**

Distriktet

Her kjem ei oppdatering frå nokre av fagpersonane i distriktet vårt. Tenkte at det kunne vera interessant. Det er kjekt å sjå at arbeidet me legg ned i organisasjonen vår ber frukter og at det nyttar.

Lars Tvetter – IRC – internasjonalt arbeid

I forhold til utvikling av lokalsamfunn er Lions kommet i gang med pilotprosjekt i samarbeid med LC Sandnes/Riska ved skolen Koch Amar. Prosjektet består av elementene mikro grønnshage/demofarm, vannansamlingsanlegg, opplæring og praktisk trening samt etablering av en grisefarm ved skolen. Videre ønsker LAN å starte en pilot ved Eruba Primary School (P.S.) i Arua, og der har man startet med en konseptbeskrivelse. Positivt å melde at Distrikt 104B ønsker å utvikle en landsby, og det jobbes med å identifisere mulige prosjektlokasjon. Mikro-hagen ved Kamwoyka Primary School i Kampala er etablert og tegner så langt å være en suksess.



Når det gjelder øyehelse og brønner så er det overført penger for [Reint vatn rett frå flaska](#) å gjennomføre en Eye-Camp ved klinikken i Masaka, og vi har 11 brønner under bestilling. I tillegg er det gitt støtte til reparasjon av brønnen ved Eruba P.S. og Anyiribu P.S. har fått reparert sin brønn uten kostnad for Lions.

Det er nå for 2. termin 278 barn i fadderbarn-systemet, i tillegg er det 10 barn som enten er ute midlertidig på grunn av graviditet/fødsel eller har droppet ut. Når endelig avklaring er på plass vil faddere bli kontaktet for eventuelt nye barn.

Marwin Hopland - Campaign 100 koordinator



Convention 2022. Siste oppdatering C-100
Målet på 300 mill USD er nådd og vel så det.

Da er vi helt i slutten av innspurten på **Campaign 100**. Det har vært 5 lange år, men samtidig spennende. Distriktet hadde som målsetting for fiskalåret 21/22, å ha 6 Modellklubber. Dette har vi nådd, vi har pr. i dag 8 Modellklubber. Av disse er det 2 stk. 500% klubber, 1 stk. 200% klubb, 1 stk. Visionary klubb og 4 stk. Modellklubber. Vi håper på 1 eller 2 til før 30.6.2022. Når det gjelder innsamlet og innbetalt beløp fra klubbene, er vi her også i mål for Distriktet.

(ca. USD 341.000 mottatt, men løfte om totalt USD 413.000.) Dette er så flott. Endelig oppsummering vil komme når alt er registrert. Enn så lenge, en stor takk

til både Distriktsledelse, Soneledere, klubber og medlemmer. Dere har alle lagt ned et stort arbeid. Som distriktskoordinator har der vært inspirerende å arbeide med **Campaign 100**.

Jan Egil Friestad – Lions Røde Fjær – koordinator

Status for LRF i 104C er at pr 25. mai har distriktet samlet inn kr 3.172.000, som gir ca kr1982 pr medlem. Det er ca en tredel av hva som er måltallet. Slik jeg har fått tilbakemeldinger fra klubber så er det fremdeles håp om mere penger i siste halvår. LC Klepp har bevilget 50.000 til rød pote og andre klubber skal ha arrangement som vil gi bidrag.



Mathias Vikse – NAC - førebyggjande barne- og ungdomsarbeid



Det har ikkje blitt så mange kurs no på vårparten. Men det har vært ein del salsaktivitetar no som ein kan håpe gir resultat utover hausten. Eg vil takke alle som har deltatt i arbeidet med «Mitt Valg» og stått på i ei tøff tid med korona, det har ikkje vært enkelt. Elles vil eg oppfordra alle klubbar til å starta arbeidet tidleg i august sånn at ein kjem i gong med dei viktige aktivitetane: Mitt Valg, Fredsplakatkonkurransen og First Lego League. Takk for meg og lykke til med NAC arbeidet, god sommar. Hilsen Mathias.

Om få timar er vervet mitt som distriktsguvernør i 104C over. Det er både vemodig og litt godt. Eg har hatt to fantastiske år til tross for at pandemien har prega mesteparten av tida. Sjølv om korona sette ein stoppar for mange aktivitetar, så har me jammen fått til mykje i dette flotte distriktet vårt. Eg er stolt over at me har nådd fleire av måla i handlingsplanen.



Tenk at me er eit av dei beste distrikta i Europa når det gjeld Campaign 100. Me har nådd målet på brønner, « Mitt Valg» - kurs, deltaking på Julekaravanen og me er like oppunder målet på både nye fadderbarn og registrering i «MyLion». Her har me nådd 72%. Målet vårt var 75%. Stor takk til alle klubbane som har vore med og bidratt slik at me har nådd så mange av måla våre. Det er medlemmene som driv organisasjonen, samlar inn midlar og utfører dei gode aktivitetane .

Eg vil få retta **ein varm takk** til medlemmene i Distriktsstyret og Distriktsrådet for samarbeidet og den hjelp og støtte eg har fått gjennom desse to utfordrande åra. Eg synest me har vore eit godt team og fått til mykje til tross for pandemien. Takk til alle dei flotte og engasjerte medlemmene som eg har hatt glede av å treffa. Ikkje minst det å koma ut til klubbane har vore både inspirerende og veldig kjekt for meg.

Til slutt vil eg ønska Jarle Rognstad lykke til som distriktsguvernør i Lionsåret 2022-2023. Eg er heilt overtydd om at distriktet blir ivaretatt på aller beste måte med Jarle som DG. Det er store oppgåver som ventar både styre og råd, ikkje minst med tanke på GMA . **Lykke til alle saman.** Dette året er eg IPDG, det vil sei sånn «sjuande far i huset» - litt godt det også. **Tusen takk for meg og for to fantastiske år som distriktsguvernør i Distrikt 104C.**



Eg ønskjer alle medlemmer i Distrikt 104C ein fin og solfylt sommar med mange gode opplevingar.

**Beste Lionshelsing frå Gunnhild
Distriktsguvernør 104C 2021-2022**